



Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket - høyring

Utvalgssaksnr	Utvalg	Møtedato
088/03	Utviklingsutvalget	02.12.03

Rådmannen si innstilling:

Utvalet viser til fakta og vurderingar og sluttar seg til desse. Utvalet vil spesielt peike på at kommunestyret nyleg har vedteke revidert strategiplan for landbruk og naturforvaltning i Tinn kommune og der vedteke strategiar for dei neste fire åra. Som i uttrykte målsetjingar frå regjering og storting, jf. behandling og oppfølging av St.m. nr 1 (2001 – 2002), er det også i kommunen sin strategiplan retta spesielt fokus på at landbruk og naturforvaltning best kan utviklast gjennom lokal handlefridom. Vidare er det vedteke prioriteringar og resultatmål for dei neste fire åra som forutsett langt mindre statleg detaljstyring enn det den foreslåtte forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket legg opp til.

Forslag til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er eit godt eksempel på korleis statleg myndighet kan delegerast i tillit til at kommunane innehar det som trengst både av kompetanse og lokalpolitisk skjønn. Vi har ingen negative merknader til forslaget.

Forslag til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket bør gjennomgå ei grunnleggande omarbeiding der målet må vere å finne ei form som uttrykker same tillit til lokal forvaltning som forskrifta om miljøtiltak.

Behandling i Utviklingsutvalget - 02.12.2003:

Rådmannens innstilling ble enst. vedtatt.

Vedtak i Utviklingsutvalget - 02.12.2003:

Utvalet viser til fakta og vurderingar og sluttar seg til desse. Utvalet vil spesielt peike på at kommunestyret nyleg har vedteke revidert strategiplan for landbruk og naturforvaltning i Tinn kommune og der vedteke strategiar for dei neste fire åra. Som i uttrykte målsetjingar frå regjering og storting, jf. behandling og oppfølging av St.m. nr 1 (2001 – 2002), er det også i kommunen sin strategiplan retta spesielt fokus på at landbruk og naturforvaltning best kan utviklast gjennom lokal handlefridom. Vidare er det vedteke prioriteringar og resultatmål for dei neste fire åra som forutsett langt mindre statleg detaljstyring enn det den foreslåtte forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket legg opp til.

Forslag til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er eit godt eksempel på korleis statleg myndighet kan delegerast i tillit til at kommunane innehar det som trengst både av kompetanse og lokalpolitisk skjønn. Vi har ingen negative merknader til forslaget.

Forslag til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket bør gjennomgå ei grunnleggande omarbeiding der målet må vere å finne ei form som uttrykker same tillit til lokal forvaltning som forskrifta om miljøtiltak.

Dokument i saka

- | | | |
|---|---|------------------------------------|
| I | Høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- | Det Kongelige Landbruksdepartement |
| S | Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i | |

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev med forslag til forskrifter, datert 28.10.2003

Innleiing:

I samband med den omfattande overføringa av vedtaksmyndighet til kommunane innan landbruksforvaltningen frå 1.1.2004 har Landbruksdepartementet laga forslag til to nye forskrifter om forvaltning av økonomiske verkemiddel i landbruket.

Forslaga er sendt på høyring med høyringsfrist 11. desember 2003. Samfunnsutvalet er kommunen sitt politiske fagorgan for landbrukssaker og gjev uttale på vegne av Tinn kommune.

Fakta:

Overføringa av vedtaksmyndighet til kommunane omfattar både juridiske og økonomiske verkemiddel og gjeld i prinsippet alle saker som krev lokalpolitisk skjønn. Når det gjeld dei juridiske verkemidla vil kommunen sin myndighet omfatte alle saker etter konsesjonsloven, alle delingssaker etter jordloven og så godt som alle saker etter skogbruksloven. Av økonomiske verkemiddel gjeld det investeringsverkemidlane under Landbrukets

Utviklingsfond (LUF), dvs. miljømidlane og skogmidlane, som i 2002 i sum for Tinn kommune utgjorde ca. 1,5 mill. kr og i førebels fordeling frå Fylkesmannen på grunnlag av framlegg til statsbudsjett for 2004 vil utgjere kr 540.000.

Reglane for forvaltning av desse midlane, som tidlegare har vore å finne i ei lang rekke statlege forskrifter og rundskriv, er no foreslått samla i to forskrifter:

1. Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket
2. Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Forslaga følgjer som vedlegg til saka.

Vurdering:

Generelt:

Dei to forslaga til forskrift er begge laga med formål å tilrettelegge for overføring av myndighet til kommunane i samsvar med Stortinget sitt vedtak i behandlinga av St.meld. nr. 1 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*. For å førebu desse reformane gjennomfører Landbruksdepartementet eit prosjekt i nært samarbeid med Kommunenes Sentralforbund og Kommunal- og reionaldepartementet for iverksetting av den kommuneretta satsinga.

Landbruksministeren uttalte i denne samanhengen, jf. pressemelding av 15.05.2003, følgjande: *Venstre mener vi får de beste løsningene dersom kommunene får frihet til å bestemme mest mulig selv. Det blir meningsløst å hele tiden sentraldirigere bruken av midler når det er de enkelte kommunene som selv vet best hvor de største utfordringene ligger.*

Dei to forslaga skiller seg klart frå kvarandre med omsyn til i kva grad dei samsvarar med Stortinget sine føresetnader og Landbruksministeren si uttalte målsetting. Forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket inneheld dei føresegnene som er nødvendige for å oppfylle formålet med ordninga og drive ei forsvarleg økonomiforvaltning. Forskrifta om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket framstår etter vår oppfatning som eit forsøk på å gjennomføre ei formell myndighetsoverføring til kommunane, utan at dette skal hindre vidareføring av tradisjonell statleg detaljstyring innfor området.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket:

Forskrifta gjev kommunane størst mogleg handlefridom ut frå formålet og det spekter av verkeområde som dei tidlegare forskriftene har omfatta. Vi ser dette som eit godt eksempel på korleis statleg myndighet kan delegerast i tillit til at kommunane innehar det som trengst både av kompetanse og lokalpolitisk skjønn, og har ingen negative merknader til forslaget.

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

Om dette forslaget er det langt meir å bemerke:

Formålsparagrafen er også her utforma på ein måte som legg opp til stor lokal handlefridom ut frå dei rammene som følgjer av overordna skog- og

miljøvernpolitiske målsettingar. Men forskrifta for øvrig bryt radikalt med dei gode intensjonane, både ved hindringar som blir lagt i vegen for lokalpolitisk skjønsmessig prioritering av midlane og ved detaljerte statlege pålegg til kommunane om kontroll med bruken.

I form skiller ikkje forslaget seg mykje frå dei detaljerte forskriftene som forutsettast erstatta. Formuleringane speglar ei haldning prega av manglande tillit til lokal dømekraft og sterkt behov for sentral overstyring. I tillegg verkar dei situasjonsbetinga ut frå behovet for å synleggjere kva ulike interesser på sentralt nivå, med bakgrunn i nyleg opplevde interessekonflikter, har blitt samde om. Nokre eksempel:

- Forslag om å forby tilskot til planting og såing har klar samanheng med kritikken mot skogreisinga i kyststroka og mogleg negativ innverknad av denne på det biologiske mangfaldet.
- Kravet i høyringsbrevet og i Landbruksdepartementet sitt brev til fylkesmennene av 26.09.03 om ei prosentmessig avgrensing av kor mykje av skogtiltaksmidlane som av miljømessige årsaker kan utbetalast til vegbygging (maks. 50 %) heng naturleg saman med seinare års fokus frå enkelte interesser på moglege miljømessige ulemper av skogsvegbygging, eller det som nokre kallar statleg subsidiering av miljøskadeleg verksemd.
- Det same gjeld foreslått bortfall av høve til å yte tilskot til taubanedrifter.
- Eksempellet i § 4-4 vedr. vilkår for å yte tilskot til miljøtiltak i skog, med overfokusering på ein særskilt metodikk for dokumentasjon av miljøverdiar, har klar samanheng med pågåande diskusjon om truverdet i ulike fagmiljø til dei ulike skogsertifiseringssystema. I ei forskrift høyrer ikkje slike situasjonsprega eksempel heime.

I nyleg revidert *Strategiplan for landbruk og naturforvaltning for Tinn kommune 2003 – 2007* har kommunestyret vedteke m.a. slike målsetjingar for skogbruket:

Bakgrunn:	Resultatmål:
Det private skogsvegnettet utgjer ein omfattande infrastruktur av avgjerande betydning både for framtidig berekraftig utnytting av skogressursane og for utvikling av utmarksnæringa.	På vegsektoren er det ei prioritert oppgåve å ta vare på og utbetre det vi har. Ved nyanlegg skal det leggst vekt på tiltaket si totale samfunnsnytte.
Mykje av den hogstmogne skogen står i bratt og vanskeleg terreng. Staten har nekta kommunane å vidareføre ordninga med LUF-tilskot til kabelkrandrifter. Dette reduserer årleg avvirkningspotensiale i Tinnskogane med 5 – 10 prosent og aukar behovet for vegbygging med erosjonsrisiko.	Lokal styring med økonomiske verkemiddel må gje rom for tilpassing til lokale forhold. Det må framleis vere høve til å yte tilskot til kabelkrandrifter.
Store areal er avvirka etter hauststormen 2001. Skogkulturoppgåvene vil vere formidable i ei årrekkje framover. Staten har avvikla skogkulturtilskotet frå 2003, men gjev	Skogkultur må prioriterast på tilskotssida. Planting er ei langsiktig investering

kommunane høve til å prioritere attverande pengepott m.a. til ungsogpleie frå 2004. Reelt sett er det ikkje pengar til dette.	for samfunnet som staten må gje reelt høve til å støtte, både gjennom regelverk og rammer.
---	--

Skog-Noreg er stort og variert. Det som er riktige tiltak for å utvikle skogbruket i Ås eller Ringerike høver ikkje nødvendigvis i kyststroka eller i fjellnære kommunar som t.d. Tinn. Skogkulturutgiftene pr. avvirka kubikkmeter varierer mykje frå kommune til kommune. Det same gjeld kostnadene til nødvendig vegbygging. Variasjonen seier vel så mykje om behovet som om det faglege nivået. Intensjonen i myndighetsoverføringa til kommunane var å tilpasse verkemiddelbruken til lokale behov. Departementet sitt forslag til forskrift med tilleggsavgrensingar tilpassar verkemidlane til sentrale austlandsstrøk. Ei avgrensing av skogsvegmidlane til maksimalt 50 % pr. kommune av det som blir bruka til skogbruksformål, og forbod mot tilskot til planting og taubanedrifter, verkar svært lite målretta i ein kommune som Tinn, der desse tre formåla tradisjonelt har stått for 90 % av utbetalte skogbruksmidlar og framleis vil måtte ha høgaste prioritet.

Dersom ein skal lage ei forskrift som dette i tillit til dei lokale organ som skal forvalte den, må det vere nok at dei viktige nasjonale omsyna uttrykkast på generelt nivå t.d. i formålsparagrafen, slik det til ein viss grad er gjort også i dette forslaget. Med dette utgangspunktet kan kommunen vurdere det enkelte tiltak ut frå kva konsekvens tiltaket måtte ha t.d. for det biologiske mangfaldet på den aktuelle lokaliteten. Det blir prinsipielt feil når forskrifta punkt for punkt gjev inntrykk av at enkelte tiltak eller metodar; som skogplanting, vegbygging og taubanedrift, i seg sjølv er miljøskadeleg verksemd som vi helst bør slutte med. I enkelte tilfelle, og ut frå lokale føresetnader, kan desse tiltaka godt vere det mest miljøvenlege og samfunnsøkonomisk beste alternativet.

Konklusjon:

Forslag til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er eit godt eksempel på korleis statleg myndighet kan delegerast i tillit til at kommunane innehar det som trengst både av kompetanse og lokalpolitisk skjønn. Vi har ingen negative merknader til forslaget.

Forslag til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket bør gjennomgå ei grunnleggande omarbeiding der målet må vere å finne ei form som uttrykker same tillit til lokal forvaltning som forskrifta om miljøtiltak.

Særutskrift sendast:

Det Kongelige	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Landbruksdepartement			
Fylkesmannen i Telemark,	Statens hus	3708	SKIEN
landbruksavd.			
Hovin Skogeigarlag	v/Svein Bakka	3652	HOVIN I TELEMARK
Tinn Bonde- og Småbrukarlag	v/Barbro Stordalen	3650	TINN AUSTBYGD
Tinn Bondelag	v/Olav Dale Traen	3656	ATRÅ

Tinn Landbruksforum	v/Ronny Sterten	3650	TINN AUSTBYGD
Tinn Skogeigarlag	v/Anne Lise Duaas	3656	ATRÅ
Tinn kommune, miljøvern og landbruk	Landbrukskontoret	3656	ATRÅ